

Steinkjerpositiv
Eigar: Steinkjer kommune
Positivmakar: Christian Taraldsen
Produksjonsår: 1879



Steinkjer kommune. Steinkjerpositiv av Christian Taraldsen 1879. Positivet vart kjøpt av kultursjef Per Nordstrøm i 1988 eller -89. Det kom frå ei eldre dame frå Namsos. Etter kort tid vart positivet for tørt, og det vart sprekk i skinnbelgen. Tonerøra tørka og spelet vart falskt. Det var Charles Karlsen ved Egge museum som spelte på det, og han kontakta Jan-Magnar Fiskvik på Levanger for reparasjon. Det vart fullrestuareert ein gong på 1990-talet. Seinare har det stått til oppbevaring ved Egge museum.